



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 02.04.2019
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asbjørn Moltudal	ass. rådmann
Jørgen Vestgarden	utviklingssjef, OS 39/19
Kari Mette Sundgot	økonomisjef, PS 48/19
Jarl Martin Møller	kommunalsjef teknisk, OS 40/19
Berit Lyngstad	personalsjef, OS 44/19



VOLDA KOMMUNE

PS 46/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Margrethe Bjerkvik vil ha oppdatering når det gjeld nedlegging av telefonsentralar.

Odd A. Folkestad vil ha ei sak om spesialundervisning i Voldaskulen. Han vil ha eit vedtak. Politisk sak til formannskap og kommunestyre slik at rektorane veit kva dei har og forhalde seg til innafør gjeldande regelverk.

Ordføraren foreslo at det vert sett opp som sak i eit seinare møte.

Gunnar Strøm kunne tenke seg ei spalte med ordføraren sin timeplan. Kunne det vere aktuelt i lokalavisa.

Dan Bjørneset vil gjerne ha orientering om årsresultat. Amdam og Moltudal sa at det kjem ei sak til formannskapet neste møte.

Til saklista

Ordførar sa frå om at det vert lagt fram ei orientering om løyving til Volda Campus Arena. OS 45/19

Møtet vert lukka i sak OS 44/19

Ved møtestart var det åtte møtande medlemer.

Røysting (åtte røysteføre):

Innkalling og sakliste, med endring og tillegg frå ordføraren, Margrethe Bjerkvik, Odd A. Folkestad, Gunnar Strøm og Dan Bjørneset, vart samrøystes godkjent.

PS 47/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Dan Bjørneset møtte ikkje i formannskapsmøtet 28.04. Han står oppført som møtande.

Odd A. Folkestad hadde ein kommentar til adm. om samferdselspakken. Volda kommune bør søkje om dispensasjon slik at tunnelen vert bygt etter klasse C. Dersom ein ikkje får dispensasjon bør vedtaket ankast.

Røysting:

Møteprotokoll frå sist møte, 28.04.19, vart med endring samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

OS 39/19 Status og vidare framdrift i arbeidet med etablering av hurtiglادestasjon i Volda sentrum

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden møtte.

Han orienterte om status hurtiglادestasjonar i Volda sentrum. For å etablere stasjonar vil Vestgarden søke om tilskot.

Røysting (åtte røysteføre):

Formannskapet gir si støtte til at det blir søkt om tilskot til etablering av hurtiglادestasjonar.

PS 48/19 Månadsrapport pr. februar 2019

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

Sundgot orienterte litt om årsresultatet og vidare om månadsrapport pr. februar 2019.

Røysting (åtte røysteføre):

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 02.04.2019

Formannskapet tek månadsrapport for februar 2019 til vitende.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek månadsrapport for februar 2019 til vitande

PS 49/19 Løyving til Voldsfjordkryssing AS - Kommunestyret 13. desember 2018, sak PS 137/18

Handsaming:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for selskapet Voldsfjordkryssing AS, jf. fvl. § 6. 1. e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Det var sju røysteføre til stades under handsaminga av saka.



VOLDA KOMMUNE

Tilleggs punkt sak 49/19 frå Gunnar Strøm SV
Pkt. 2

Løyvinga skal nyttast til planprogram/analyse av framtidig kryssing av Dalsfjorden i samsvar med vedtaket i budsjettmøtet i KST 13. desember 2018, og ikkje til dagleg drift av selskapet.

Nytt forslag Voldsfjordkryssing

Saka skal vidare til KST sidan bruken av løyvinga er endra sidan vedtaket i budsjettvedtaket i desember.

Gunnar Strøm SV

Røysting (sju røysteføre):

Prøverøysting.

Adm.si tilråding. Samrøystes

Strøm sitt, vidare til KST fekk fire stemmer. Jørgen Amdam, Margrethe Bjerkvik og Dan Bjørneset røysta mot.

Strøm sitt til nytt pkt.2. Samrøystes

Endeleg røysting.

Adm.si tilråding. Samrøystes vedteken.

Strøm sitt til nytt pkt.2. Samrøystes vedteke.

Strøm sitt, vidare til KST, fekk fem stemmer og vart vedteke. Margrethe Bjerkvik og Dan Bjørneset røysta mot.

Vedtak i Formannskapet - 02.04.2019

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Løyvinga skal nyttast til planprogram/analyse av framtidig kryssing av Dalsfjorden i samsvar med vedtaket i budsjettmøtet i KST 13. desember 2018, og ikkje til dagleg drift av selskapet.

Saka skal vidare til KST sidan bruken av løyvinga er endra sidan vedtaket i budsjettvedtaket i desember.

Administrasjonen si tilråding:

Det vert synt til vedtak i kommunestyret frå møtet 13.desember 2018 PS-sak 137/18 pkt. 15 vedkomande utbetaling av 1 mill. til Voldsfjordkryssing AS. Formannskapet vedtek med grunnlag i ovannemnde vedtak, tilsend dokumentasjon og utgreiinga å utbetale resterande løyvd sum kr. 1 mill. til selskapet.

Odd A. Folkestad tok sete.



PS 50/19 Orienteringssaker

OS 40/19 Orientering om status for prosjektet flaumtilpasningstiltak i Melshornsida

Kommunalsjef Jarl Martin Møller orienterte.

OS 41/19 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019

OS 42/19 FAU i Volda - Felles uttalelse om kommunas budsjett og økonomiplan for 2019-2022

OS 43/19 Nøtteknekkaren 2020 - Søknad om økonomisk støtte - Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Handsaming:

Gunnar Strøm vil ha saka meir begrunna.

Jørgen Amdam – Formannskapet ber om å få dette som politisk sak i neste møte.

OS 45/19 Løyving til Volda Campus Arena

Handsaming:

Skriv vart delt ut. Asbjørn Moltudal orienterte.

Vedtak i Formannskapet - 02.04.2019

Formannskapet sa seg orientert om overføring av midlar.

OS 46/19 Telefonsentralane - orientering om framdrift

Handsaming:

Jørgen Amdam orienterte om framdrifta i sak om nedlegging av telefonsentralane.



VOLDA KOMMUNE

OS 44/19 Informasjon om nedbemanning tenesta for einslege midreårige

Handsaming:

Leiar kom med framlegg om å lukke møtet, med heimel i kl. § 31 nr. 4 og off.l § 13.
Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Personalsjef Berit Lyngstad informerte om nedbemanning i tenesta for einslege mindreårige.

Etter orienteringa vart møtet opna att, jfr. Kl § 31,4

Møtet slutt kl. 14.15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
02.04.2019

Bente Kristin Krøvel
konsulent